



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Økonomien i jordbruket på Vestlandet 2020

Trender og utvikling 2011-2020

Tabellsamling 2016-2020

NIBIO RAPPORT | VOL. 8 | NR. 23 | 2022



Anders Halland, Anastasia Olsen og Torbjørn Haukås
Divisjon for Kart og statistikk

TITTEL/TITLE

Økonomien i jordbruket på Vestlandet 2020. Trendar og utvikling 2011-2020
Tabellsamling 2016-2020

FORFATTER(E)/AUTHOR(S)

Anders Halland, Anastasia Olsen og Torbjørn Haukås

DATO/DATE:	RAPPORT NR./ REPORT NO.:	TILGJENGELIGHET/AVAILABILITY:	PROSJEKTNR./PROJECT NO.:	SAKSNR./ARCHIVE NO.:
02.02.2022	8/23/2022	Open	14300	17/00029
ISBN:	ISSN:	ANTALL SIDER/ NO. OF PAGES:	ANTALL VEDLEGG/ NO. OF APPENDICES:	
978-82-17-03015-7	2464-1162	101		

OPPDRAUGSGIVER/EMPLOYER:

Landbruks- og matdepartementet

KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:

Anders Halland

STIKKORD/KEYWORDS:

Driftsøkonomi, foretaksøkonomi, Vestlandet,
driftsgransking

FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:

Regional økonomi Vestlandet

SAMMENDRAG/SUMMARY:

Ei oversikt over utviklinga i landbruket dei siste 10 åra i fylka Vestland og Møre og Romsdal vert presentert. Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2020 var det med totalt 924 bruk, der 187 var frå Vestlandet; 126 frå Vestland fylke og 61 frå Møre og Romsdal. Det er ein liten auke i jordbruksinntekta for bruka på Vestlandet, det er også ein auke på landsbasis frå 2019 til 2020. Jordbruksinntekta er målt som vederlag til arbeid og eigenkapital. Det er stor variasjon mellom ulike produksjonar. Driftsformene mjølk, storfeslakt og gris hadde ein auke i jordbruksinntekta samanlikna med 2019, medan sauebruka og dei som driv med frukt og bær hadde nedgang. Det er framleis best økonomi i frukt- og bærproduksjonen i 2020, trass nedgang frå året før.

LAND/COUNTRY:

Noreg

FYLKE/COUNTY:

Vestland, Møre og Romsdal

KOMMUNE/MUNICIPALITY:**STED/LOKALITET:****GODKJENT /APPROVED**

Hildegunn Norheim

NAVN/NAME

PROSJEKTLEDER /PROJECT LEADER

Heidi Knutsen

NAVN/NAME



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Forord

Driftsgranskingane er ei årleg rekneskapsgransking som i 2020 omfatta 924 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er stort, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Denne rapporten inneheld lokale data frå Vestlandet.

Rapporten er basert på driftsgranskingsdata frå dei to vestlandsfylka Møre og Romsdal og Vestland. For rekneskapsåret 2020 var det med 187 bruk frå Vestlandet i granskinga. Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er eit årleg fellesprosjekt, som krev stor innsats av medarbeidarar ved fleire av NIBIO sine kontor. NIBIO-kontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Vestlandet.

Anastasia Olsen har henta ut statistikken, gjort berekningar og laga figurar og tabellsamling. Anders Halland har skrive rapporten med bidrag frå Torbjørn Haukås. Heidi Knutsen er prosjektleiar og har gått gjennom rapporten og kome med tilbakemeldingar. Geir-Harald Strand har lese gjennom rapporten, og Anne Bente Ellevold har klargjort manus for publisering.

Bergen, 02.02.22

Heidi Knutsen

INNHALD

1	Innleiing	5
2	Jordbruksøkonomien på Vestlandet i 2020- utvikling og driftsresultat.....	6
3	Trender og økonomisk utvikling siste tiåret	10
3.1	Resultatmål i jordbruket.....	10
3.1.1	Driftsoverskot.....	10
3.1.2	Vederlag til arbeid og egenkapital	12
3.1.3	Lønsevne per time.....	14
3.2	Skogbruket.....	16
3.3	Totaløkonomi	16
3.4	Nettoinvestering, gjeld og soliditet	18
3.4.1	Nettoinvestering	18
3.4.2	Gjeld	19
3.4.3	Soliditet	20
3.5	Inntektsverknad av jordbruksfrådrag	21
4	Framtidig mjølkeproduksjon i Vestland fylke.....	24
5	Tabellsamling 2016-2020.....	27
6	Forklaring på faguttrykka i tabellsamlinga	100

1 Innleiing

Driftsgranskingar i jord- og skogbruk har ei lang historie. Noregs Vel starta driftsgranskingar alt i 1911. Granskinga vart overteken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)¹ ved opprettinga i 1947. Ved fusjonen mellom NLI og Budsjettnemnda for jordbruket i 1986, vart driftsgranskingane lagde til Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, NILF. Etter fusjonen mellom NILF, Bioforsk og Skog og landskap i 2015, hamna driftsgranskingane i avdeling for driftsøkonomisk analyse i NIBIO.

Hovudformålet med driftsgranskingane er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve på gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit vesentleg omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Vidare skal driftsgranskingane gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forskning og utgreiing, gje hjelp til rådgjeving og undervisning og innspel til offentleg politikk og forvaltning. Granskingane skal også gje grunnlag for dokumentasjon for den samfunnsøkonomiske verdiskapinga i landbruk og tilknytte næringar.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane, dei siste åra er tal deltakarbruk noko redusert. I 2020 var det i alt med 924 bruk i driftsgranskingane. Ved utval av bruk, er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekrutterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå tilskotsregisteret til Landbruksdirektoratet. Bruka som vert trekte ut, skal ha ei standard omsetning større enn kr 150 000². Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 70 år. Kvart år vert mellom 5 og 10 prosent av deltakarbruka skifta ut. Av dei 924 bruka i driftsgranskingane i 2020, kom 187 bruk frå Vestlandet, 61 frå Møre og Romsdal og 126 frå Vestland fylke. Denne rapporten tar for seg økonomien i landbruket på Vestlandet i 2020, og viser økonomisk utvikling dei siste ti åra.

Kapittel 2 viser hovudtala for Vestlandet for 2020, og omhandlar driftsresultatet i jordbruket for dette året. Kapittel 3 viser utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste ti åra. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar, og alle bakgrunnsdata er deflaterte etter konsumprisindeksen. I kapittel 4 ser ein nærmare på mjølkeproduksjonen i Vestland fylke og bøndene sine framtidsplanar etter nye dyrevelferdskrav i 2024 og 2034. Kapittel 5 er sjølve tabellsamlinga som inneheld tal frå driftsgranskingane for Vestlandet for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for landsdelen, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Utvalet av bruk i driftsgranskingane skal ikkje vere representativt for jordbruket i kvart fylke, men for regionen. Dette må ein ta omsyn til når ein tolkar resultatata eller nyttar tala. Alle økonomiske data i kapittel 5 (tabellane) er nominelle tal for åra, og dermed ikkje inflasjonsjusterte. Sist i rapporten finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

¹ NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slege saman med Sekretariatet for Budsjettnemnda i jordbruket. Frå 1.7.2015 inngår NILF i NIBIO som er ein fusjon mellom Bioforsk, Skog og landskap og NILF.

² Standard omsetning er normerte tal for omsetning av produkt utan tilskot. Klassifiseringa er den same som er nytta for statistikken i EU.

2 Jordbruksøkonomien på Vestlandet i 2020- utvikling og driftsresultat

Hovudtendensar:

- Jordbruksinntekta til vestlandsbonden auka med 5,9 prosent
- Auke for mjølk, storfeslakt og gris, nedgang for sau og frukt og bær
- Best økonomi i frukt- og bærproduksjon trass i nedgang

Vestlandsbonden oppnådde ei jordbruksinntekt, målt som løn til alt arbeid og rente på egenkapital per årsverk, på kr 292 700 i 2020. Det er ein auke på kr 16 400 frå året før. I gjennomsnitt for landet auka jordbruksinntekta med kr 27 400 kr og vart på kr 327 500 per årsverk. Jordbruksarealet for vestlandsbruka var i middel 307 dekar, det same som i 2019.

Auken i jordbruksinntekta for Vestlandet skuldast auke i tilskot kombinert med moderat kostnadsutvikling. Nedgang i timebruk og renter påverka resultatet positivt.

Det var auke i jordbruksinntekta for dei fleste arealgruppene. Unnataket er bruka mellom 50 og 100 dekar der vi finn mange bruk med frukt og bær og bruk med sau. Dei største bruka over 500 dekar hadde størst auke frå eit svakt resultat i 2019. I denne gruppa er det mange store mjølkebruk.

Mjølkeproduksjon er viktig for landbruket på Vestlandet, og det er flest bruk i denne gruppa. Vederlag per årsverk (jordbruksinntekta) auka med 4,4 prosent eller kr 12 600 per årsverk. Mjølkebruka har auka grovfôrarealet med 3 dekar, medan grovfôravlinga gjekk ned med 24 FEm per daa. Tal årskyr, mjølkekvote og liter omsett mjølk auka med om lag 3 prosent. Ein nedgang i mjølkeprisen på 26 øre/liter reduserte mjølkeinntektene trass auka volum. Kjøtprisen auka med kr 1,06 per kg for kukjøtt og kr 1,69 for anna storfekjøtt. Prisauke og auka kjøtmengde var med på å auke husdyrinntektene med 1,8 prosent. Arbeidsinnsatsen i 2020 auka med 1,4 prosent frå året før.

Det var en liten auke i variable kostnader på 4,1 prosent i hovudsak høgare kostnader til kraftfôr grunna pris- og volumauke. Faste kostnader var omlag uendra frå 2019. Kostnader til leigd arbeid auka med nesten 30 prosent trass i at timar leigd arbeid auka med berre 7,7 prosent. Det tyder på auke i timepris. Nedgang i utgifter til elektrisitet på 24,3 prosent i forhold til 2019 heldt samla faste kostnader på omlag same nivå som året før. Driftsoverskotet i jordbruket auka med 3,1 prosent.

Det har vore investert mykje på mjølkebruka dei siste åra. Nettoinvesteringa i 2020 var kr 337 600 per bruk. Trass gjeldsauke på nesten 20 prosent, var renteutgifter nesten uendra. Lågt rentenivå i kjølvatnet av pandemien bidrog positivt til resultatet.

Produksjonsomfanget på mjølkeproduksjonsbruka var på 29,3 årskyr, ein auke på 0,9 årskyr frå 2019. Bruka omsette i gjennomsnitt 217 700 liter mjølk og 7 060 kg storfekjøtt (inkl. kukjøtt). Gjennomsnittleg jordbruksareal var 400 dekar, ein auke på 1 dekar. Arbeidsinnsatsen var litt over 2,1 årsverk à 1 845 timar. Arbeidsinnsatsen i 2020 auka med 1,4 prosent frå året før.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og sauehald oppnådde i 2020 ei jordbruksinntekt per årsverk som var kr 326 100, ein auke på 10,3 prosent frå 2019. Arealet gjekk ned med 4 daa, medan grovfôravlinga auka med 14,7 prosent. Det var generell auke i produksjonen, tal årskyr og tal vinterfôra sau auka med høvesvis 2,8 og 1,3. Omsett mjølk var i snitt 137 300 liter, ein auke på 23,8 prosent. Mjølkeprisen gjekk ned med 20 øre per liter, eller 3,9 prosent. Volumauke medførte likevel auka mjølkeinntekt med 19 prosent. I 2020 var det stor auke i sauekjøttpris med kr 3,76 per kg til kr 11,41, medan prisen på lammekjøtt og storfekjøtt var nærmast uendra. Husdyrinntekter auka til saman med kr 140 500 eller 15,2 prosent.

Det var auke i variable kostnader på 12,5 prosent eller kr 72 000. Kraftfôrkostnadene auka mest, men det var også stor auke i kostnader til kjøp av dyr og veterinærkostnader. Faste kostnader auka med 6,1 prosent eller kr 30 400. Mesteparten av det skuldast auka vedlikehald av maskiner og reiskap og driftsbygningar.

Auke i inntekter grunna volumauke og moderat auke i kostnader medførte høgare driftsoverskot (7,6 prosent). Kombinert med lågare timebruk og lågare rente auka jordbruksinntekta med 10,3 prosent.

Gjennomsnittleg jordbruksareal var 374 dekar. Bruka hadde 18,8 årskyr og 83 vinterfôra sauer. Arbeidsinnsatsen gjekk ned med 110 timar og var på 2,0 årsverk à 1845 timar per bruk.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald hadde eit svakt resultat i 2019. I 2020 auka jordbruksinntekta med 48,1 prosent eller kr 96 600 til kr 297 400. Svinekjøtproduksjonen auka med 3 prosent til 26,4 tonn og mengde storfekjøt auka med 40 prosent til 4,7 tonn. Talet på selde smågrisar gjekk ned med 17 prosent. Omsett mjølk auka med 23,8 prosent til 194 700 liter.

Prisen på mjølk minka med 37 øre per liter, medan prisen på storfekjøt var om lag uendra. Prisen på svinekjøt auka med kr 2,26 per kg og smågrisprisen auka med kr 106. Totalt auka inntektene frå husdyrprodukt med 14,3 prosent på desse bruka. Tilskot og andre inntekter auka med 14,3 prosent, slik at produksjonsinntektene i alt gjekk opp med 13,3 prosent frå 2019. Variable kostnader auka med 13 prosent, medan det var eit fall i faste kostnader på 2 prosent.

Det var negativ nettoinvestering i denne gruppa i 2020 noko som tyder på nedsliting av driftsapparatet. Gjelda auka med 4,6 prosent. Arbeidsinnsatsen auka med 3,7 prosent til 2,0 årsverk. Bruka hadde eit produksjonsomfang på 281 dekar, 23,3 årskyr, 13 purker, 492 smågriser for sal og 26 400 kg kjøt frå slaktegris. Det er berre seks bruk i denne gruppa, og endringar på enkeltbruk kan ha store utslag på resultatata.

Sauebruka på Vestlandet hadde eit svært lågt resultat i 2020. Jordbruksinntekta gjekk ned med kr 22 000 per årsverk til kr 116 700. Tal vinterfôra sauer auka med 2 til 144, medan omsett kjøt gjekk opp med 6 prosent. I gjennomsnitt gjekk prisen på lammekjøt opp med kr 0,96 per kg og prisen på sauekjøt auka med kr 3,87. Husdyrinntektene auka med 12,3 prosent medan samla tilskot auka med 2 prosent. Totalt gjekk produksjonsinntektene opp 3,3 prosent. Variable kostnader auka med 17 prosent, medan faste kostnader auka med 5,2 prosent. Arbeidsforbruket auka med 2,2 prosent og utgjorde 1,3 årsverk. Sjølv om gjelda minka med 8,3 prosent, og renteutgiftene med 14,5 prosent, minka jordbruksinntekta med kr 22 000 per årsverk.

I 2019 omfatta driftsforma 32 bruk med i gjennomsnitt 144 vinterfôra sauer og 237 dekar jordbruksareal.

Produksjon av storfekjøt, enten med ammekyr eller på innkjøpte kalvar, oppnådde ei jordbruksinntekt per årsverk på kr 143 800 i 2020, ein auke på kr 67 400 per årsverk frå eit svært lågt nivå i 2019. Det har vore store endringar i jordbruksinntekta frå år til år for desse bruka. Det vert stadig fleire bruk med denne driftsforma, men det er likevel få bruk i gruppa, og nye bruk eller endringar på enkeltbruk, kan gje store utslag for gruppa.

Det vart produsert 10 600 kg storfekjøt på desse bruka i 2020, 1 600 kg mindre enn i 2019. Prisen på storfekjøt auka med om lag 3,50 per kg, og totalt gjekk inntektene frå husdyrhaldet opp med 7,1 prosent. Det vart selt fleire livdyr frå desse bruka samanlikna med tidlegare år. Tilskota auka med 10,8 prosent, og totalt auka produksjonsinntektene med 7,5 prosent. Det var lite endring i faste og variable kostnader frå året før. Arbeidsforbruket minka med 86 timar til 1,2 årsverk, noko som påverka resultatet positivt. Høgt investeringsnivå på kr 317 500 per bruk svekka det økonomiske resultatet grunna auka avskrivning og renter. Gjelda auka med 16 prosent og renteutgiftene med 8 prosent samanlikna med 2019. God kostnadskontroll styrka resultatet for 2020.

Det var 13 bruk i gruppa i 2020. I gjennomsnitt hadde dei 339 dekar jordbruksareal, 20 ammekyr, 21 kviger og 24 slakta oksar.

Frukt- og bærproduksjon er den driftsforma som har hatt størst variasjon i jordbruksinntekta mellom år. 2020 vart eit svakt frukt- og bærår samanlikna med dei to føregåande åra. Jordbruksinntekta gjekk ned med 11,4 prosent frå 2019 til 2020, og vart kr 332 000 per årsverk. Frukt- og bærproduksjon vart likevel den driftsforma som oppnådde høgast jordbruksinntekt på Vestlandet også dette året. Det var middels avling av eple medan det var full avlingssvikt på plommer. Det var auke på pærer og morellar. Prisane på frukt til produsent var høgare for alle kulturane. For bringebær var det litt lågare avling enn i 2020. Frukt- og bærinntektene fall med 26 prosent. Dei variable kostnadene fall med 2 prosent og dei faste med 15 prosent. Det var særleg kostnader til leigd arbeid som gjekk ned. Arbeidsforbruket minka med 14 prosent. Arbeidsinnsatsen var på 1,9 årsverk per bruk. Det er 19 produsentar i denne gruppa, og i gjennomsnitt hadde dei eit frukt- og bærareal på 49 dekar.

Nettoinvesteringane på vestlandsbruka låg høgare enn landsgjennomsnittet også i 2020. I gjennomsnitt investerte vestlandsbøndene for kr 194 800, medan nettoinvesteringane for landet var på kr 161 400. Nettoinvesteringane på Vestlandet minka med kr 20 200 frå året før. Det er dei største bruka som investerer, og det er særleg innan mjølkeproduksjon det vert investert. Samla gjeld auka med 9 prosent for vestlandsbonden, og var uendra på 3,3 mill. kr i middel per bruk. Rentekostnadene gjekk ned med 10 prosent.

Driftsgranskingane viser at driftsoverskotet frå jordbruket på Vestlandet utgjorde 39 prosent av dei samla inntektene til familien i 2020, det same som i 2019. Løsinntekt utgjorde 42 prosent. Skogbruk og tilleggsnæring med utgangspunkt i ressursane på bruket utgjorde høvesvis 1 prosent og 7 prosent. Resten av dei samla inntektene er anna næring, pensjonar, sjukeløn og kapitalinntekter.

Maksimalt jordbruksfrådrag var auka frå kr 166 400 til kr 190 400 i 2020. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta i 2020 kr 324 000 i gjennomsnitt per årsverk for bruka frå Vestlandet. I alt utgjer inntektsverknaden av jordbruksfrådraget kr 31 300 per årsverk, ein auke på 2 800. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla som er presenterte frå driftsgranskingane.

Jordbruksinntekt er definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen per årsverk, og varierer mellom ulike produksjonar og storleik på bruka.

Skattefordel for bønder er skattelette i form av eit ekstra jordbruksfrådrag i allmenn inntekt. Det blir rekna ein inntektsverknad av skatteletten tilsvarande den inntekta ein må ha for å oppnå same kjøpekraft som skatteletten genererer.


Driftsgranskingane i jordbruket var for 2020 basert på eit tilfeldig og representativt utval av 924 bruk over heile landet. I alt omfattar granskinga 187 bruk frå Vestlandet; 59 i Hordaland, 67 i Sogn og Fjordane og 61 i Møre og Romsdal. Alle dei presenterte resultatane er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreiding i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 187 bruka gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket på Vestlandet har vore.

Tabell 2.1 Samla oversikt for 2020

	Tal bruk	Gj.areal dekar	Driftsoverskot per bruk		Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk		Skattekorrigert vederlag per årsverk	
	2019	2019	2019	2020	2019	2020	2019	2020
Vestlandet, alle	187	307	427 700	445 300	276 300	292 700	304 800	324 100
Bruk < 50 dekar	10	33	350 000	397 000	323 400	345 200	353 600	380 800
« 50 - 100 dekar	15	73	429 400	336 500	332 200	302 600	352 100	331 700
« 100-200 dekar	38	157	299 200	338 500	260 500	286 400	300 500	322 000
« 200-300 dekar	43	242	355 900	357 800	246 100	257 500	272 300	288 300
« 300-500 dekar	53	372	464 600	471 500	275 600	292 600	305 100	324 300
> 500 daa	28	711	658 100	750 600	279 300	310 000	304 100	338 700
Mjølkproduksjon	76	400	510 200	525 800	285 300	297 700	316 800	329 600
Mjølk/sauehald	16	374	519 500	559 100	295 700	326 100	321 500	355 800
Mjølk/svinehald	6	281	342 000	543 700	200 900	297 400	226 100	323 700
Kjøttproduksjon, storfe	13	339	75 400	151 900	76 500	143 800	98 800	171 800
Sauehald	32	237	153 500	128 800	138 700	116 700	168 100	144 300
Frukt og bær	19	59	551 700	402 500	383 600	332 000	408 600	367 900
Vestland fylke	126	267	403 600	424 900	271 600	286 000	301 200	317 000
Møre og Romsdal fylke	61	389	479 200	487 400	250 800	280 300	309 900	335 500

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Jordbruksinntekt per årsverk er definert som løn til alt arbeid og til rente på egenkapitalen



Figur 2.1 Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar for Vestlandet og landet i perioden 2011–2020

3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret

Dette kapitlet viser trendar og utviklingstrekk i jordbruket på Vestlandet frå og med 2011 til og med 2020. Materialet er gruppert etter region, storleik og driftsform. Nokre av gruppene er små, og for dei kan utskifting av bruk og større investeringar på einsskild bruk gje utslag på resultatata. Bakgrunnsdata for figurane er deflaterte etter konsumprisindeksen, slik at alle resultatmåla er presenterte som 2020-kroner. Definisjonar av dei ulike resultatmåla er tekne inn heilt sist i rapporten.

3.1 Resultatmål i jordbruket

3.1.1 Driftsoverskot

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader per bruk. Driftsoverskotet skal dekke løn til familien og gje vederlag til både eigen og lånt kapital.


Driftsoverskotet for bruka på Vestlandet har i hovudtrekk følgt same trenden som resten av landet over ein lengre periode. Mellom 2011 og 2014 låg det om lag likt med landet. Mellom 2017 og 2020 har Vestlandet hatt eit høgare driftsoverskot enn resten av landet. Dette gapet har minska dei tre siste åra og i 2020 er Vestlandet nesten på nivå med resten av landet. Tørken i 2018 hadde større innverknad for bruka på Austlandet, samanlikna med Vestlandet. Frå 2019 til 2020 var det ein auke i driftsoverskotet både på Vestlandet og på landsbasis. Denne auken i driftsoverskot var mindre på Vestlandet samanlikna med heile landet.

Bruka med frukt og bær hadde ein nedgang i driftsoverskotet samanlikna med 2019. Nedgangen kan forklarast med lågare produksjonsinntekter som følgje av eit svakt frukt- og bærår samanlikna med 2019 og 2018. Driftsformene med husdyr, med unntak av sauebruka hadde ein auke i driftsoverskotet frå året før. Prisane på husdyrprodukt gjekk opp, med unntak av mjølk og ull, der det var ein prisnedgang samanlikna med 2019. Det har vore ein auke i tilskot for Vestlandet. Kostnadane totalt sett gjekk opp i nominelle kroner. Det var ein auke i variable kostnader, men ein nedgang i faste kostnader. Driftsoverskotet vart kr 17 500 høgare målt i nominelle kroner samanlikna med 2019. Rekna i 2020 kroner vart driftsoverskotet kr 12 100 høgare enn året før.


Av dei ulike driftsformene på Vestlandet var det bruka med mjølk og sau som i snitt hadde det høgaste driftsoverskotet på kr 559 100 i 2020, medan dei som berre driv med sau i snitt oppnådde det lågaste på kr 128 800. Bruka med kombinert mjølk- og svineproduksjon hadde ein inntektsauke samanlikna med 2019. Det er i hovudsak større produksjon av svinekjøt og mjølk som bidreg til at denne gruppa har ein inntektsauke for andre året på rad. Det skal seiast at mjølk- og svineproduksjon er ein driftsform som er representert med seks bruk, og at utvikling på enkeltbruk kan ha større utslag i materialet.

Bruka med sau hadde ein nedgang i driftsoverskotet samanlikna med året før, medan bruka med mjølk hadde ein svak auke. Ein auke i kostnadane forklarar kvifor driftsoverskotet for sauebruka gjekk ned. Blant bruka med kombinert mjølkeproduksjon og sau gjekk driftsoverskotet opp. Dette kan forklarast med meir levert mjølk og auke i tilskota, kombinert med ein relativt svakare auke i kostnadane.


Dei største bruka målt etter areal, det vil seie bruk over 500 dekar, har historisk vore den gruppa som har det høgaste driftsoverskotet. I 2020 hadde denne arealgruppa eit gjennomsnittleg driftsoverskot på kr 750 600, som er ein auke frå året før. Den nest største storleiksgruppa på 300 til 500 dekar og arealgruppa på 200 til 300 dekar har tilnærma flat utvikling i driftsoverskot frå 2019 til 2020. Når det gjeld bruka under 50 dekar og dei mellom 100 og 200 dekar har desse gruppene hatt ein auke i driftsoverskotet samanlikna med året før. Dette er i kontrast til bruka med areal mellom 50 og 100 dekar som er den arealgruppa som har den tydlegaste nedgangen samanlikna med året før. Denne gruppa hadde ein nedgang på høvesvis kr 98 400 og 23 prosent frå 2019 til 2020. Dette kan ha samanheng med at frukt- og bær produsentar utgjer nesten tre fjerdedelar av bruka i arealgruppa 50 til 100 dekar.



Figur 3.1.1 Driftsoverskott i middel per bruk for heile landet og Vestlandet



Figur 3.1.2 Driftsoverskott i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet



Figur 3.1.3 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper på Vestlandet

3.1.2 Vederlag til arbeid og egenkapital


Jordbruksinntekt er her definert som vederlag til alt arbeid og rente på egenkapital per årsverk, og viser kor mykje som er att til å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelp), og til forrenting av egenkapitalen. I 2020 gjekk vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk opp med 6 prosent for Vestlandet. Regionen har historisk hatt eit lågare vederlag til arbeid og egenkapital samanlikna med resten av landet. Unntaket er i 2018 då vederlaget var høgare på Vestlandet. Når ein ser på dei ulike driftsformene med mjølk eller storfe på Vestlandet, har det vore ein auke for alle kombinerte eller reine driftsformer frå 2019 til 2020. Sterkast auke i jordbruksinntekt er det for bruka som har driftsformen mjølk og svinproduksjon. Denne gruppa er representert med ei lita gruppe i utvalet, slik at enkeltbruk og utskifting av enkeltbruk kan ha større utslag på




Traktor på jordet. Foto Geir-Harald Strand / NIBIO.

gjennomsnittet frå år til år. Ammeku har historisk hatt lågare resultat enn driftsformene med mjølk. Frå 2019 til 2020 hadde ammeku ein auke i jordbruksinntekt på 85 prosent. Det skal seiast at dette er frå eit lågt nivå i 2019 og at det er ei lita gruppe på 13 bruk. Enkeltbruk i ei lita gruppa kan gjere store utslag på gjennomsnittet. For fruktbøndene har jordbruksinntekta gått nedover frå toppen i 2018. Trass i nedgang har driftsformen ei relativt høg jordbruksinntekt samanlikna med andre produksjonar. Når det gjeld sauebruka har det vore ein nedgang i jordbruksinntekt frå 2019 til 2020.


Sauebruka ligg ein del lågare samanlikna med dei fleste andre driftsformene. Det har vore tilfelle gjennom heile perioden.



Figur 3.1.4 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk, heile landet og Vestlandet



Figur 3.1.5 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk, for driftsformene mjølk/gris, mjølk mjølk/sau og ammeku



Figur 3.1.6 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk, for driftsformene frukt og sau


3.1.3 Lønsevne per time




Søtkirsebær. Finn Måge/ NIBIO

auken i lønsevne per time frå året før. Dei andre driftsformene hadde ein nedgang eller flat utvikling samanlikna med 2019.

Lønsevne per time er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd arbeid delt på alle innsette arbeidstimar i jordbruket. Lønsevna syner kor mykje som er igjen til løn når all innsett kapital har fått godtgjering, og viser kva garden kan betale per innsett arbeidstime. Rentenivået har vore lågt dei siste fem åra, og kalkulasjonsrenta var på 2 prosent i 2020. Lønsevne per time gjekk opp på Vestlandet samanlikna med 2019, men ikkje like sterkt som utviklinga for heile landet. Det er bruka med rein eller kombinert mjølkeproduksjon som stod for



Figur 3.1.7 Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet




Figur 3.1.8 Lønsevne per time for ulike driftsformer på Vestlandet

3.2 Skogbruket

Dei fleste gardsbruka i driftsgranskingane har skogareal knytt til bruket. Mesteparten av bruka driv ikkje aktivt skogbruk, og driftsoverskotet frå skogen utgjer berre ein liten del av totalinntekta. I skogbruket på landsbasis har det vore ei utvikling med meir bruk av entreprenør. I 2020 var 94 prosent av tømmeret på landsbasis drive fram av entreprenør, samanlikna med 88 prosent i 2010. Skogeigedomane på Vestlandet er i hovudsak små, og bratt terreng kan gjere det mindre lønsamt å hente ut tømmeret. Ei potensiell utvikling med auka tømmerprisar vil kanskje kunne føre til større aktivitet i skogane på Vestlandet dei kommande åra.

På nokre bruk betyr likevel inntekter frå skog og utmark mykje, særleg på Nordmøre. Driftsoverskotet for skogen kan variere mykje frå eit år til eit anna. I 2018 vart driftsoverskotet i skogbruket tre gongar høgare enn året før. Auka avverking og høgare tømmerprisar er med på å forklare denne endringa. I 2020 ligg driftsoverskotet frå skogbruket noko lågare enn året før, med ein nedgang på 5 prosent samanlikna med 2019.




Figur 3.2.1 Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet

3.3 Totaløkonomi


Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien (hushaldsinntekta) for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringar, løner, pensjonar, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår. Med unntak av 2018 har Vestlandet gjennom heile perioden hatt ei lågare nettoinntekt enn landet totalt. Både Vestlandet og resten av landet hadde ein auke i nettoinntekta frå 2019 til 2020.

Når det gjeld fordelinga av inntektene til brukarfamilien, er det verd å merke seg at denne har vore nokså stabil over 10-års perioden. Driftsoverskotet frå jordbruket og lønsinntekter utgjer høvesvis 39 og 42 prosent av dei samla inntektene i 2020. Andre inntektskjelder som tilleggsnæring, anna næring,

kapitalinntekter, pensjonar og sjukepengar utgjer resten av samla inntekter. I 2011 utgjorde driftsoverskotet frå jordbruket 41 prosent av totaløkonomien. Driftsoverskotet frå jordbruket sin del av totaløkonomien har hatt ein nedgang på 2 prosentpoeng frå 2011 til 2020.



Figur 3.3.1 Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet. Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien (hushaldsinntekta) for brukarfamilien.



Figur 3.3.2 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien på Vestlandet.³


³ Skogbruket er her satt under kapitalinntekter i figuren.

3.4 Nettoinvestering, gjeld og soliditet


3.4.1 Nettoinvestering

Nettoinvesteringar er investeringar gjort i løpet av året, minus avskrivningar, investeringstilskot og verdien av selde eigedelar. Positiv nettoinvestering vil seie ei oppbygging av produksjonsapparatet. Sjølv i relativt store grupper vil større investeringar på enkeltbruk gje utslag for gjennomsnittet for gruppa. Ein bør derfor vurdere nettoinvestering over tid.

Vestlandet har hatt positiv nettoinvestering gjennom heile perioden. I 2020 var det ein nedgang i nettoinvesteringane på Vestlandet samanlikna med året før, medan heile landet hadde ein auke. Dei to siste åra har Vestlandet hatt ein relativt høgare nettoinvestering samanlikna med resten av landet. Det er i hovudsak investering i driftsbygningar som bidrar til den høge nettoinvesteringa i 2019 og 2020. Det er investert i gjennomsnitt kr 105 500 i driftsbygningar på Vestlandet. Det utgjer over halvparten av nettoinvesteringane i fylket. Nettoinvesteringane på mjølkebruka var høgare enn året før, og blant dei ulike driftsformene er det her nettoinvesteringane har vore størst gjennom perioden. Når det gjeld sau var nettoinvesteringane i 2020 lågare enn året før. Det høgre investeringsnivået for sauebruka i 2019 kan forklarast i investeringar på enkeltbruk som har innverknad på gjennomsnittet i denne gruppa. Bruka med frukt hadde også høgare investeringar i 2020 samanlikna med året før, men enkeltbruk kan her gjere utslag på gjennomsnittsstatistikken.



Figur 3.4.1 Nettoinvestering per bruk i jordbruket for heile landet og Vestlandet




Figur 3.4.2 Nettoinvestering per bruk for ulike driftsformer, Vestlandet

3.4.2 Gjeld

Gjeld er her all gjelda til brukarfamilien, også privat gjeld slik som gjeld til bustad, bil og studielån. I 2012, 2016 og 2020 minka samla gjeld på Vestlandet, men trenden viser at gjelda aukar over tid⁴. Samla gjeld låg i snitt kr 34 700 lågare per bruk i 2020 samanlikna med 2019 rekna i nominelle kroner. Dette er det første året sidan 2016 at gjelda på Vestlandet går ned frå eit år til eit anna. Samanlikna med heile landet, har bruka på Vestlandet kr 1 012 900 mindre i gjeld.

Gjelda i faste kroner stig over tiårsperioden totalt sett, om ein ser på gjennomsnittet for landsdelen. Når ein ser på gjelda for dei ulike driftsformene, er det større variasjon mellom år. Driftsforma mjølk/svinehald hadde høgast gjeld fram til 2012, men har seinare hatt ein sterk reduksjon for så å auke att dei siste åra. Dette kan forklarast ved oppbygging av produksjonsapparat blant deltakarbruka i denne gruppa. I 2020 var det denne driftsforma som hadde den høgaste gjelda i snitt på nesten 4,2 millionar kroner. Få bruk i gruppa gjer at låneopptak knytt til investeringar kan gje store utslag. I motsett ende finn ein bruka med frukt med ei snittgjeld på 1,6 millionar kroner. Trenden er at gjeldsnivået aukar for dei fleste driftsformer over perioden.

⁴ Gjelda for 2012 og 2016 går ned, målt i nominelle kroner. I figuren kjem ikkje dette fram då det er teke omsyn til prisstigning.




Figur 3.4.3 Gjeld i middel per bruk for ulike driftsformer, Vestlandet

3.4.3 Soliditet

Soliditet er eit uttrykk for evna til å tole tap. Ein kan bruke ulike nøkkeltal for å vise dette, mellom anna eigenkapitalprosenten. Eigenkapitalprosenten viser kor stor del av egedelane som er finansierte med eigenkapital. Det er ei vanleg oppfatning at eigenkapitalprosenten bør vere over 50 prosent. Alle dei registrerte driftsformene på Vestlandet hadde ein eigenkapitalprosent på 55 prosent eller høgare i 2020, men det er stor variasjon mellom enkeltbruk.

Høg eigenkapitalprosent gjev høve til å ta opp lån på gode vilkår. Inntening og rentefoten på lånt kapital har mykje å seie for kor høg eigenkapitalprosenten treng å vere. I utrekning av eigenkapitalprosent er alle egedelar til brukarfamilien med. Eigenkapitalprosenten har variert mellom 47 og 80 prosent over tiårsperioden. I løpet av det siste året kan ein sjå at soliditeten blant dei ulike driftsformene har endra seg. Det har vore ein auke blant dei ulike driftsformene frå 2019 til 2020, utanom mjølkk/svin som hadde ein reduksjon i eigenkapitalprosenten. Dette må sjåast i samanheng med gjelda, som har auka for dei driftsformene med redusert soliditet.



Figur 3.4.4 Eigenkapitalprosent for ulike driftsformer, Vestlandet

3.5 Inntektsverknad av jordbruksfrådrag

Jordbruksfrådraget er eit inntektspolitisk verkemiddel for å auke disponibel inntekt etter skatt for bøndene. Dette verkemiddelet er ikkje omfatta av WTO-avtalen. Jordbruksfrådraget vart innført i 2000 og er gradvis auka sidan. Frå 2012 til 2019 var maksimalt frådrag kr 166 400. Beløpet vart endra i 2020 og vart satt opp til kr 190 400. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskingane, og kjem i tillegg til dei presenterte resultatmåla. Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein del av inntektspolitikken i landbruket. Jordbruksfrådraget i alminneleg inntekt vert gjeve til skatteytarar som har inntekt frå jordbruks- og/eller hagebruksverksemd, eller som driv med honning- og/eller pelsproduksjon som næring, sjølv om verksemda ikkje er knytt til jordbruk.

For 2020 gjaldt følgjande: Ved næringsinntekt opp til kr 90 000 vart jordbruksfrådraget lik inntekta; ved næringsinntekt frå kr 90 000 og opp til kr 354 200 vart frådraget kr 90 000 pluss 38 prosent av all inntekt over kr 90 000. Maksimalt frådrag kan ein få ved næringsinntekt høgare enn kr 354 200. Satsane for både det inntektsuavhengige frådraget og taket på maksimalt jordbruksfrådrag har blitt satt opp frå 2019 til 2020.

Frådraget kan delast mellom brukar og eventuell ektefelle. Skatteletten av frådraget utgjer 22 prosent, og med ein marginal skattesats på 38 prosent kjem ein fram til inntektsverknaden ved å dividere med 0,62. Inntektsverknad per bruk vert så dividert på tal årsverk for å komme fram til inntektsverknad per årsverk. Inntektsverknaden per årsverk varierer frå bruk til bruk og frå produksjon til produksjon. Fordi skatteprosent i allmenn inntekt vart sett ned frå 23 til 22 prosent i 2019, vart effekten av jordbruksfrådraget redusert.

Det vert registrert kor stort jordbruksfrådraget er på alle bruka i driftsgranskingane for å sjå på utnyttingsgraden. I gjennomsnitt per deltakarbruk for heile landet var jordbruksfrådraget kr 150 500 i 2020. For Vestlandet låg det utnyttta frådraget litt over det nivået, kr 159 800 for 2020. Dette er ein auke på 10 800 kr frå 2019, som kan forklarast i at satsane for botnfrådrag og maksimalt oppnåeleg frådrag vart sett opp i 2020.

Jordbruksfrådrag føreset at skatteytar har næringsinntekt å trekke frådraget frå. Ein må også vere klar over at andre frådrag kan redusere effekten av jordbruksfrådraget. Ei viss grad av tilpassing gjer at jordbruksfrådraget også kan påverke næringsinntekta.

Tabell 3.5.1. Jordbruksfrådrag 2020, region


Regionar	Tal bruk	Tal bruk med maksimalt frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skattereduksjon	Inntektsverknad, kroner per årsverk
Austlandet, flatbygder	185	92	20	135 300	29 800	43 000
Austlandet, andre bygder	142	68	17	133 900	29 500	36 900
Jæren	63	49	2	170 800	37 600	30 300
Agder og Rogaland, andre bygder	89	55	6	148 000	32 600	31 800
Vestlandet	187	129	16	159 800	35 200	31 400
Trøndelag, flatbygder	78	52	9	153 400	33 700	41 800
Trøndelag, andre bygder	69	42	10	148 800	32 700	33 200
Nord-Noreg	111	90	1	170 800	37 600	34 000
Alle	924	577	81	150 500	33 100	35 000

Tabell 3.5.2. Jordbruksfrådrag 2020 arealgrupper, Vestlandet

Arealgruppe	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntektsverknad per årsverk
under 50 daa	10	8	1	153 700	33 800	35 600
50-99,9 daa	15	9	2	137 100	30 200	29 100
100-199,9 daa	38	21	4	141 800	31 200	35 600
200-299,9 daa	43	27	3	150 900	33 200	30 800
300-499,9 daa	53	38	6	156 200	34 400	31 600
over 500 daa	28	26	0	219 000	48 200	28 700
Totalt	187	129	16	159 800	35 200	31 400

Tabell 3.5.3. Jordbruksfrådrag 2020 driftsformer, Vestlandet

Driftsform	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntekts-verknad per årsverk
Mjolk	77	63	2	185 300	40 800	31 900
Storfekjøtt	13	4	4	91 300	20 100	28 000
Mjolk-svin	6	4	1	145 600	32 000	26 300
Mjolk-sau	16	13	1	165 300	36 400	29 700
Sau	32	9	8	101 100	22 200	27 700
Frukt og bær	18	16	0	186 100	40 900	36 300
Totalt	187	129	16	159 800	35 200	31 400



Figur 3.5.1 Skattejusterte jordbruksinntekter målt som skattejustert vederlag til arbeid og egenkapital samanlikna med jordbruksinntekt før justering, Vestlandet og landet

4 Framtidig mjølkeproduksjon i Vestland fylke

NIBIO rapport 006/2022 om *Framtidig mjølkeproduksjon i Vestland fylke: Konsekvensar av nye krav om dyrevelferd i 2024 og 2034* tar for seg mjølkeproduksjonen i Vestland fylke og ulike problemstillingar, i hovudsak knytt opp mot lausdriftskravet som trer i kraft i 2034.⁵

Forskrift om hold av storfe av 2004 (FOR-2004-04-22-665) omfattar ei rekke dyrevelferskrav. Allereie i 2024 kjem det nye krav om dyrevelferd i form av beiting i 16 veker og krav om ein kalvingsbinge per 25 kyr. Ti år seinare, 1. januar 2034 kjem det krav om at alle storfe skal oppstallast i lausdriftsfjøs. Dette gjeld også dei som står i ein eldre båsfjøs i dag. 70 prosent av alle mjølkeprodusentane i fylket har båsfjøs, noko som gjer Vestland blant fylka med den høgaste delen båsfjøs i landet.⁶ Dette betyr at 70 prosent av mjølkeprodusentane i dag ikkje oppfyller kravet om lausdriftsfjøs som trer i kraft i 2034. Ein kan sjå i tabellen under at båsfjøsa står for 45 prosent av den totale mjølkeleveransen i fylket.

Tabell 4.1 Totalt produksjonsvolum for mjølkeprodusentar i Vestland fylke for 2019

Populasjon	Båsfjøs		Lausdrift		Alle	
	Totalvolum	Tal bruk	Totalvolum	Tal bruk	Totalvolum	Tal bruk
Tal årskyr	11 134	777	11 496	329	22 630	1 106
Mjølkekvote 2019, liter	83 185 227	774	95 605 797	328	178 791 024	1 102
Mjølkeleveranse	74 397 428	775	89 594 359	329	163 991 787	1 104

Kjelde: Statistikken er avgrensa til medlemmer av Kukontrollen i 2019.⁷ N=1104

I samband med rapporten er det føretatt ei spørjeundersøking. Denne vart sendt til alle i Vestland fylke som søkte om produksjonstilskot omgangen 2020 og hadde registrert mjølkekyr i søknaden. Av 1032 utsendte spørjeskjema var det 475 som svarte og samstundes gav naudsynte opplysningar.⁸ I tabellen kan ein sjå gjennomsnittstatistikk for dei bruka som svarte på spørjeundersøkinga.

Tabell 4.2 Gjennomsnittstal for frå utval i spørjeundersøking, Vestland fylke

	Båsfjøs		Lausdrift		Alle	
	Gjennomsnitt	Tal bruk	Gjennomsnitt	Tal bruk	Gjennomsnitt	Tal bruk
Kvotepågang per årsku	7 475	320	8 902	155	7 941	475
Tal årskyr	17	320	38	155	23	475
Mjølkekvote 2021, liter	125 570	320	333 561	155	193 441	475

Tabellen syner gjennomsnittstal for dei produsentane som utgjer utvalet som svarte på undersøkinga (Haukås m.fl., 2022).


⁵ Haukås m.fl. (2022). *Framtidig mjølkeproduksjon i Vestland fylke: Konsekvensar av nye krav om dyrevelferd i 2024 og 2034*. NIBIO Rapport 006/2022, Bergen: NIBIO

⁶ Halland m. fl. (2021). *Investeringsbehov innen melkeproduksjon*. NIBIO Rapport 046/2021, Bergen: Nibio.

⁷ Mimiro. (2020). Eana Ku [Datasett].


⁸ Av desse var det 466 som svarte på viktige spørsmål om til dømes lausdriftskravet og framtidsplanar.

Av dei spurte var det 14 prosent som oppgjev at dei ikkje har nokon som er interessert i å overta mjølkeproduksjonen på bruket. 24 prosent oppgjev at dei har nokon som er interessert i å overta. Nesten halvparten svarar *kanskje* på dette spørsmålet, noko som indikerer usikkerheit kring spørsmål om overtakar.



Figur 4.1 «Er det nokon som er interessert i å overta drifta av mjølkeproduksjonen på bruket?».

Mjølkeprodusentane vart spurde om kor sannsynleg det er at dei driv med mjølkeproduksjon etter 2034. For å få prosentrekninga korrekt for heile utvalet er dei som svarte at dei mest sannsynleg avsluttar mjølkeproduksjonen i 2024 i eit tidlegare spørsmål, tatt med. Ein ser her at 19 prosent avsluttar mjølkeproduksjonen allereie i 2024. Ytterlegare 24 prosent svarar at det er ganske- eller heilt usannsynleg med mjølkeproduksjon etter 2034.



Figur 4.2 I 2034 kjem det krav om lausdrift i mjølkeproduksjonen. Kor sannsynleg er det at du vil drive med mjølk etter 2034? n=466.⁹

Det er gjort fleire berekningar i rapporten om ulike tema som totalt investeringsbehov i mjølkeproduksjonen for fylket, arealbruk, volumprognosar og lønnssemdsanalysar av omlegging til lausdriftsfjøs.

⁹ Det siste svaralternativet omhandlar respondentar som oppgjer å mest sannsynleg avslutte mjølkeproduksjonen etter 2024. Respondentar som gav opp at dei mest sannsynleg ville avslutte mjølkeproduksjonen allereie i 2024, fekk ikkje tilsvarende spørsmål om framtidsplanar for 2034.

5 Tabellsamling 2016-2020

Tabellsamlinga inneheld tabellar med tal frå driftsgranskingane for åra 2016–2020. Det er presentert tabellar for kvart fylke, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformene. Det er følgjande hovudtabellar:

1. Landsdelstal, Vestlandet landsdel
2. Fylkestal, Vestland fylke
3. Fylkestal, Møre og Romsdal
4. Vestlandet, storleiksgruppe I (under 50 daa), alle driftsformer
5. Vestlandet, storleiksgruppe II (50–99 daa), alle driftsformer
6. Vestlandet, storleiksgruppe III (100–199 daa), alle driftsformer
7. Vestlandet, storleiksgruppe IV (200–299 daa), alle driftsformer
8. Vestlandet, storleiksgruppe V (300–500 daa), alle driftsformer
9. Vestlandet, storleiksgruppe VI (over 500 daa), alle driftsformer
10. Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon
11. Vestlandet, driftsformer, sauehald
12. Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin
13. Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau
14. Vestlandet, driftsformer, storfekjøtt spesialisert med ammeku
15. Vestlandet, driftsformer, frukt
16. Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe under 20 årskyr
17. Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe 20–29,9 årskyr
18. Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe frå og med 30 årskyr

Tabellane er delt inn i seks delar: a, b, c, d, e og f

Del a: Produksjonstekniske data og oppnådde prisar.

Del b: Nettoinvesteringar

Del c: Produksjonsinntekter per bruk

Del d: Kostnader per bruk

Del e: Resultatregning

Del f: Balanse og arbeidskapital per 31.12

Landsdelstal, Vestlandet landsdel

Tabell 1a: Produksjonstekniske data og oppnådde priser

År	2016	2017	2018	2019	2020
Tal bruk	179	182	180	188	187
Alder på brukar	50	50	49	50	50
Arealfordeling og avling					
Korn, daa	2,7	2,6	2,6	2,8	2,8
Grovfôr, daa	256,1	273,4	297,4	297,1	296,8
Frukt og bærareal, daa	6,4	6,3	5,4	5,5	5,4
Jordbruksareal, daa	266,3	283,2	307,3	308,1	307,2
- herav leigd areal, daa	130,7	141,8	157,2	161,9	167,6
Korn i alt, FEm pr daa	464	527	410	571	321
Grovfôr, FEm pr daa	336	329	308	337	315
Jordbruksareal, FEm pr daa	338	331	310	341	317
Husdyrproduksjon					
Tal årskyr	13,9	14,4	15,3	14,8	14,8
Kumjøl, liter omsett	100 021	103 959	113 214	110 053	109 996
Mjølkekvote	103 806	110 318	126 893	118 522	125 312
Produsert mjøl, kg	7 915	7 973	8 162	8 162	8 230
Storfekjøt, kg omsett	3 773	4 348	4 640	4 518	4 362
Tal smågriskull	4	4	4	3	2
Svinekjøt slaktegris, kg omsett	2 445	2 245	2 626	2 704	2 255
Tal vinterfôra sauer (vfs)	36	35	40	36	39
Kg kjøt pr vfs	27	27	27	28	28
Ull, kg omsett pr vfs	3,8	3,5	3,5	3,6	4,1
Årsgeiter	2,5	2,3	2,1	4,7	5,0
Geitemjøl, liter omsett	1 829	1 666	1 482	2 875	2 954
Mjølkekvote	1 688	1 645	1 417	2 992	3 009
Produsert mjøl, kg	824	851	834	669	631
Arbeidsforbruk, timar					
Brukar	1 985	1 991	2 069	2 060	2 015
Ektefelle	276	269	308	332	374
Barn under 17 år	18	19	14	12	16
Sum familie	2 278	2 280	2 391	2 404	2 405
Leigd arbeid	971	954	971	1 131	1 035
Sum timar i jordbruket	3 249	3 233	3 362	3 535	3 441
Sum timar i skogbruket	26	28	26	25	33
Familiens arbeid på nyanlegg	42	36	31	42	68
Oppnådde priser					
Bygg, kr pr kg	2,32	2,56	2,59	2,40	2,61
Kumjøl, kr pr l	5,38	5,60	5,57	5,47	5,19
Kukjøt, kr pr kg	46,48	47,70	45,49	44,38	45,49
Anna storfekjøt, kr pr kg	53,03	54,40	52,74	51,14	53,20
Smågris for sal, kr pr stk.	928	869	786	755	851
Svinekjøt slaktegris, kr pr kg	28,86	27,57	26,38	26,05	28,07
Sau- og lammekjøt, kr pr kg	45,09	39,39	36,17	41,40	42,30
Ull, kr pr kg	33,12	35,92	36,17	33,97	32,95
Geitemjøl, kr pr l	6,89	6,77	6,70	6,62	6,31
Egg, kr pr kg	16,68	17,81	20,14	21,64	26,58

1) Inkl. nytta halmavling

Tabell 1b: Nettoinvesteringar

År	2016	2017	2018	2019	2020
Jord, grøfter og vassanlegg	21 874	17 337	43 112	9 876	36 728
Driftsbygningar	16 559	36 359	32 345	131 657	105 451
Maskinar og reiskap	42 815	39 089	41 132	38 074	30 087
Mjølkekvote (ku og geit)	14 435	7 611	43 020	35 387	22 576
Sum nettoinvesteringar	95 683	100 396	159 609	214 994	194 842

Tabell 1c: Produksjonsinntekter per bruk

År	2016	2017	2018	2019	2020
Korn	2 861	3 467	2 823	3 900	2 339
Frukt og andre planteprodukt	102 692	104 910	116 270	147 546	110 965
Planteprodukt i alt	105 553	108 377	119 093	151 446	113 304
Husdyrprodukt					
Storfe, mjølk	538 116	582 258	630 651	601 882	570 791
Storfe, livdyr	34 739	30 740	32 963	32 008	41 103
Kuslakt	89 358	97 254	93 906	87 215	96 746
Anna storfeslakt	123 084	149 493	142 129	140 020	147 889
Smågris	20 661	21 557	13 702	10 359	7 466
Slaktegris	75 099	61 482	68 539	68 369	63 796
Avlsgris	1 106	1 565	473	436	1 272
Sauer, livdyr og slakt	44 630	32 375	49 761	47 306	54 621
Ull	4 550	4 479	4 963	4 351	5 121
Geiter, mjølk	12 602	11 275	9 928	19 048	18 627
Geiter, livdyr og slakt	303	514	300	338	999
Andre inntekter, husdyrhald	23 626	29 860	31 204	35 340	38 233
Husdyrprodukt i alt	967 874	1 022 852	1 078 519	1 046 672	1 046 664
Tilskot					
Kulturlandskapstilskot	42 722	42 302	42 040	43 443	44 389
Arealtilskot, grovfør	46 782	50 720	62 443	78 792	82 260
Arealtilskot, korn	594	592	672	603	727
Produksjonstillegg, husdyr	107 844	105 861	112 549	114 256	123 797
Botnfrådrag	-6 223	-6 300	-6 266	-6 130	-6 193
Drifts-, grunn og distr.tilskot	201 851	231 212	270 314	294 682	292 773
Beitetilskot	34 163	37 945	41 786	44 744	50 512
Regionale miljøtilskot	12 951	14 429	15 764	21 126	23 237
Refunderede avløyserutgifter	59 672	60 317	62 013	64 939	70 468
Andre tilskot	26 794	21 327	40 452	21 613	31 158
Tilskot i alt	527 150	558 405	641 767	678 068	713 128
Leigeinntekt, traktor og reiskap	17 226	17 741	20 886	26 472	28 066
Andre inntekter	4 131	10 888	27 620	12 802	36 585
Produksjonsinntekter i alt	1 621 934	1 718 263	1 887 885	1 915 460	1 937 748

Tabell 1d: Kostnader per bruk

År	2016	2017	2018	2019	2020
Variable kostnader					
Kraftfôr	303 889	324 821	368 844	361 627	369 364
Anna fôrkostnader inkl. beiteleige	26 041	36 190	46 059	38 636	44 596
Såvarer	5 972	5 991	7 315	9 358	10 437
Handelsgjødsel og kalk	49 869	44 774	53 843	55 654	53 568
Plantevernmidde	5 751	5 197	4 958	4 992	6 262
